

INFORMASJONSSKRIV

FRÅ

LANDBRUKSKONTORET I KLEPP

Nr. 1/2017



I denne utgåva av Informasjonsskrivet er hovudemna det nye systemet for søknad om produksjons- og avløysartilskot som blir sett i drift frå 1. mai, vasskvalitet og miljø og reglane for beitetilskot.

Me på landbrukskontoret vil ønskja alle gardbrukarane ein fin vår med god og høveleg vårvinne!

**HUGS SØKNADSRIST FOR PRODUKSJONSTILSKOT 15. MAI, MED TELJEDATO 1. MAI.
Det blir informasjonsmøte på rådhuset torsdag 27. april kl 1930**

Landbruk og vasskvalitet

Fosfor er den viktigaste faktoren til forureining av vassdraga våre, og langt størsteparten av dette, kjem frå landbruket. Det vert arbeidd over hele landet for å få betre vasskvalitet i vassdraga og det er fleire tiltak som bonden kan setje i verk for å ta sin del av ansvaret og redusere forureininga. Fleire av tiltaka vert det ytt tilskot til gjennom ulike ordningar, som de kan lese om i dette skrivet.



Tilskot til grøfting

God drenering kan gi auka avling, reduserer køyreskadar på jorda og reduserer faren for erosjon frå jordbruksarealer og bidreg på den måten til god vasskvalitet og eit godt vassmiljø. Ved rett drenering, vil jorda tørke opp, det blir betre jordstruktur og mindre klimautslepp. Plantene vil og betre kunne nyttiggjere seg tilført gjødsel i tørrare jord.

For grøftetilskot har vi som regel meir midlar enn vi klarer å bruke opp. Ordninga gjeld jordbruksareal som treng grøfting. Maks 1000 kroner pr. dekar eller 15 kroner pr. meter grøft. Det må søkjast på eige skjema. Skjema kan du få på landbrukskontoret, eller hente på: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/drenering/hvordan-soke> Det skal leggjast ved kart over arealet og kart med innteikning av grøfter, i tillegg til nemnde skjema.

Endringar for produksjonstilskot:

Avgjerande viktig å halde fristane – og nå må du levere elektronisk søknad

Nytt søknadsregime for produksjons- og avløysartilskot blir teke i bruk frå 1. mai.

- To søknadsomgangar 15. mai* og 15. oktober, men bare ei utbetaling i februar
- Absolutt søknadsfrist, er du ein dag for sein får du ingenting!
- Nye teljedatoar 1. mai* og 1. oktober
- Krav om elektronisk søknad i nytt datasystem (Estil PT)

* Gjeld bare i omleggingsåret 2017 – frå 2018 er datoane 1. og 15. mars og 1. og 15. oktober

Vi går ikkje inn på alle detaljar i det nye søknads- og saksbehandlingsystemet her. Det er lova at det, i god tid før det vert opna for søknad 1. mai, blir sendt ut ein fyldig skriftleg informasjon frå landbruksdirektoratet til alle søkjarar. Landbrukskontoret vil også, i samarbeid med bondelaga i kommunen, halde informasjonsmøte torsdag 27. april kl 19.30 på rådhuset der vi vil orientere nærare om omleggingane og presentere det nye systemet.

Dei som har søkt RMP (regionalt miljøprogram) via nett, vil kjenne seg att i den nye løysinga.

Mykje informasjon finst alt, og vil framover bli oppdatert på landbruksdirektoratet sine heimesider.
<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/nytt-system-for-soknad-om-produksjonstilskudd-fra-2017>

Du kan ikkje lenger levere søknad på papir og treng derfor elektronisk ID!

Alle må frå og med søknadsomgangen mai 2017 søkje elektronisk (altså via internett).

Dette er heimla gjennom endring av Produksjonstilskotsforskrifta frå departementet 28.2.2017.

Du må altså ha ein datamaskin som kan

koplast til internett for å kunne søkje. Det er sagt at også i-pad/nettbrett skal kunna nyttast. Det betyr vel i praksis at også ein avansert smarttelefon truleg vil kunne brukast, men dette kan vi ikkje stadfeste nå.

Men du treng ikkje plent gjere jobben med søknaden sjølv, du kan gi t.d. rekneskapsfører fullmakt til å gjere det for deg. **MEN alle må ha ein elektronisk ID** (Bank ID, MinID e.l) for å gjera det mogleg å registrere og levere søknad, anten du gjer det sjølv eller delegerer til andre å gjere det.

Landbrukskontoret kan ikkje registrere og levere søknaden for deg, ikkje fordi vi ikkje vil, men fordi vi faktisk ikkje har lov til det. Men vi vil sjølvsagt kunna stille datamaskin til din disposisjon og rettleie deg så godt vi kan, men bare dersom du har (og har med deg) elektronisk ID

Informasjon om korleis du kan gå fram for å skaffe elektronisk ID kan du m.a. finne på denne adressa:

<http://eid.difi.no/nn/id-porten/slik-skaffar-du-deg-elektronisk-id>

Søknadsfristen er absolutt!

Det betyr at har du ikkje levert søknaden 15. mai får du ingenting (men du kan sjølvsagt søkje 15. oktober og få tilskot for halve året).

Men søknaden kan rettast 14 dagar etter søknadsfrist utan reaksjonar/konsekvensar – ikkje slik som før at ein blei trekk 1000 kroner for kvar dag over frist.

Dette betyr at alle MÅ syte for å ha levert sin søknad innan fristen 15. mai. Eventuelle feil kan rettast dei neste 14 dagane.

Landbrukskontoret vil kunna sjå søknaden din og rettleie deg om korleis du kan få rette den opp.

Eit nyttig tips!

Ved alle felt der du kan fylle inn tal/data i det elektroniske søknadsskjemaet, vil du finne ein blå sirkel med eit spørjeteikn. Ved å klikke på dette spørjeteiknet, vil du får opp meir informasjon om det aktuelle feltet. Bruk dette om du er usikker på noko.

Antall dyr	
Hester	
Storfe	
Kode	Type
120	Melkekyr, som har kalvet i løpet av de siste 15 måneder (18 måneder for kyr av bevaringsverdig rase) ?
<div style="border: 1px solid blue; padding: 5px;"> <p>Kyr som er i melkeproduksjon hos foretak som enten har disponibel melkekvote eller lokalforedlingskvote, og som har kalvet i løpet av de siste 15 månedene (18 måneder for kyr av bevaringsverdig rase og som er berettiget tilskudd for bevaringsverdige husdyrraser).</p> </div>	
121	Ammekyr, som har kalvet i løpet av de siste 15 måneder (18 måneder for kyr av bevaringsverdig rase) ?
118	Herav kyr av minst 50% kjøttferase ?
119	Øvrige storfe ?

Kjenner du deg ikkje trygg på dette nye? Ta gjerne ein tur innom landbrukskontoret, ring oss eller send e-post. Vi skal rettleie så godt vi kan.

Merk: Denne informasjonen vil og vera tilgjengeleg på Klepp kommune si heimeside (www.klepp.kommune.no), der vil du kunne klikke direkte på lenkjene til ekstern informasjon nemnt ovanfor.

Tal for Klepp-landbruket

	Antal dyr/einingar			Antal bruk		
	2000	2010	2016	2000	2010	2016
Mjølkekyr	6 432	5 467	4944	275	157	120
Slaktegris	42 938	65 518	65 794	131	91	76
Vinterfôra sau	1 269	2 063	1 526	43	47	48
Slaktekylling	1 138 083	2 125 196	2 473 818	21	20	18
Verpehøns	128 025	249 947	275 035	68	49	41
Antal daa i produksjon						
Poteter	2 987	2 767	1 637	116	51	29
Grønnsaker friland	2 494	3 054	3 880	89	44	34
Tomat i kg	1 682 064	2 323 106	3 627 262	18	10	9
Agurk i kg	1 218 259	1 863 977	2 932 611	8	5	5
Mjølkekvote	35 101 536	34 737 003	36 373 982			
Jordbruksareal totalt	79 975	75 039	74 500			
Søker produksj.tilskot	454	347	286			

Mjølkekvote er 2015-tal. Tala basert på data frå søknad om produksjonstilskot frå landbruksdirektoratet.

Vi kan desverre ikkje garantere at våre adresselister er rette. Veit du om nokon aktive bønder som ikkje har fått dette informasjonsskrivet?

Be dei ta kontakt med landbrukskontoret, eller gjer merksam på at dei også kan finne det på kommunen sine nettsider – www.klepp.kommune.no. Ligg ikkje koplinga lenger på framsida der, finn de Info-skrivet under "Bygg, miljø og næring"

REGIONALT MILJØPROGRAM (RMP)

Tilskot gjennom RMP skal fremje særskilte miljømål i jordbruket

- som å redusera ureining til vatn og luft
- ivareta biologisk mangfald
- ivareta kulturlandskapet og kulturminner
- tilretteleggje for friluftsliv

I Klepp har det vore nedgang i tal søknader dei seinare åra. Det er fleire aktuelle tiltak som gardbrukarane i Klepp kan søkje på og me oppfordrar dykk til å søkje på aktuelle ordningar. Me på landbrukskontoret skal hjelpe så godt me kan, om det er trøng for det!



Nokre av ordningane:	Sats (tal frå 2016)	Kommentar
Nedlegging eller nedfelling av gjødsel i:		
- Veksande kultur	80 kr/daa	Eng eller haustkorn om våren
- Open åker eller stubb	50 kr/daa	Korn, belgvekstar grønsaker eller potet
Bruk av tilføringsslangar	50 kr/daa	
Spreiing med rask nedmolding	30 kr/daa	Harving/pløying innan 2 timar etter spreiiing
Ugjødsla randsoner i eng	7 kr/meter	Fleirårig gras, *)5 m brei, haustast/beitast, ikkje gjødsle/sprøyte
Vegetasjonssoner:		
I potet/grønsaker/korn	30 kr/meter	Fleirårig gras, *)10 m brei, ikkje gjødsle/sprøyte
Vedlikehald av fangdammar/reinseparkar	12.000 kr pr dam/park	Skal vere gjort før søknad – legg ved bilag
Fangvekstar etter hausting	100 kr/daa	
Miljøavtale	60 kr/daa	

**) Når det gjeld randsoner i eng og vegetasjonssoner, skal desse vere på det fulldyrka arealet (i eng kan det vere overflatedyrka). Det vil seie at sona må starte der du ville ha hausta og ikkje ved vasskanten eller kantareal som du i utgangspunktet ikkje ville hausta. Sona må og starte nærare enn 20 m frå vasskanten.*

NB! Meir om vilkår og fleire ordningar, kan du lese om på

<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-til-miljotiltak/>

- eller kome innom på landbrukskontoret!

TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

Føremålet med SMIL-midler er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Fylkesmannen tildeler kommunane midler til vidare fordeling på lokale prosjekter. Klepp kommune har i 2017 fått tildelt kr 700.000 som skal fordelast på gode tiltak. Tiltak som gjeld ureining blir prioritert.

Det kan gjevast tilskot til

- Kulturlandskapstiltak (restaurere og bevare bygningar,
- kulturminne, gamle ferdselsårer/stiar ol)
- Ureining- og klimatiltak
- Planleggjings- og tilretteleggjingsprosjekt

KLIMA/MILJØ

Klimaet er i endring. I følgje Norsk Klimaservicesenter, kan ein i Rogaland fram mot år 2100 mellom anna forvente følgjande:

- Gjennomsnittleg årstemperatur er berekna å auke med om lag 3,5°C
- Temperaturen auker mest om vinteren med ca. 4°C, minst om sommaren med 3,5°C
- Årsnedbøren er berekna å auke med om lag 10 prosent
- Betydeleg reduksjon i snømengdene
- Vekstsesongen vil auke med 1-3 månader, og mest i ytre kyststrók

Me kan allereie merke klimaendringane med meir nedbør og ekstremvêr, og sjølv om vekstsesongene er venta å auke, vil det vere utfordringar de som driv med jordbruk vil måtte handtere i samband med auka nedbør, til dømes. Å sørgje for god drenering, vedlikehald av kanalar og grøfter og leggje til rette for minst mogleg erosjon og avrenning,

For fleire døme, utfyllande informasjon, reglar og forskrifter, sjå kommunen si nettside:

<https://www.klepp.kommune.no>, under grøn fane, bygg, miljø og næring og tilskotsordningar i landbruket. Eller på landbruksdirektoratet sine sider: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/om-tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket>.

Klepp kommune har to fristar for søknad om SMIL-midler: 15. mars og 15. september. Det har ikkje kome inn søknader om SMIL-midler til fristen i vår, så me vil ta i mot og behandla søknader fortløpande, og håpar det kjem inn gode tiltak!

vil vere viktig å ha god kontroll på. I tillegg er det viktig å sørgje for at opne gjødsellager har kapasitet til å ta i mot alt regnvatnet.

Dyrking av myr

Forvaltninga er restriktive når det gjeld dyrking av myr. Myra er eit viktig karbonlager. Når myra blir grøfta og drenert, vil torvmosene i overflata døy og karbonfangsten stansar. I tillegg vil torva i myra begynne å omdannast og ein får store lekkasjar av karbon, både i form av CO₂ og lystgass, såkalla klimagassar. Myra fungerer og som ein svamp og kan halde på store mengder med vatn. Når myr blir dyrka, må vatnet finne andre vegar og kan gjere store skadar. I Klepp er det ikkje mange stader med intakt myr att. Desse er viktige for dyre- og planteliv som trivest best i myrområde. Av desse grunnane, freister ein å ta vare på det vesle som er att av myr i Klepp.

Vinterlandbruksskulen på Jæren

Skulen har fått svært mange søknader innan søknadsfristen som var 1. mars. Det er framleis mogeleg å senda søknad, men søkjar vil då bli sett på venteliste, så vil tida vise om det vert opning for opptak eller ikkje.



TIL Å HENGJE PÅ KJØLESKÅPET!

Når skal eg søkje i 2017?		
Dato	Kva skjer på desse datoane?	Kva kan eg søkje tilskot for/registrere?
15. mars 2017	Frist for å søkje om SMIL-midler	<u>Unntak 2017, sjå førre sida</u>
1. mai 2017 *	Telledato for første registrering i nytt søknadsskjema. Det er mogleg å registrere søknad om produksjonstilskot.	- Husdyrtilskot (med unntak av bikuber) - Tilskot til økologisk husdyrproduksjon - Driftstilskot til mjølkeproduksjon - Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon - (Registrer dyr som gjev grunnlag for avløysartilskot)
15. mai 2017 *	Søknadsfrist for første registrering i nytt søknadsskjema.	- (Registrer dyr som gjev grunnlag for tilskot for grovfôrareal).
Juni 2017	Utbetaling etter søknad pr. 1.1.2017	
15. sept. 2017	Frist for å søkje om SMIL-midler	
1. oktober 2017	Telledato for andre registrering i nytt søknadsskjema. Det er mogleg å registrere søknad om produksjons- og avløysartilskot.	- Tilskudd til avløsning ved ferie og fritid for 2017 - Husdyrtilskot - Tilskot til økologisk areal og husdyr - Tilskot for bevaringsverdige husdyrraser - Distriktstilskot frukt, bær og grønt for kvantum levert til godkjent omsetningsledd i 2017
15. oktober 2017	Søknadsfrist for andre registrering i nytt søknadsskjema Søknadsfrist for Regionalt miljøprogram (RMP)	- Areal- og kulturlandskapstilskot - Tilskot til dyr på beite - Tilskot til dyr på utmarksbeite - Driftstilskot til mjølkeproduksjon - Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon - (Registrer dyr som gjev grunnlag for avløysartilskot) - (Registrer dyr som gjev grunnlag for tilskot for grovfôrareal).
10. januar 2018	Frist for å etterregistrere opplysningar	- Avløysarutgifter for perioden 15. oktober til 31. desember - Dyr på utmarksbeite som er teke ned fra beite seinare enn 15. oktober - Livdyr (gris, kylling og kalkun) som er selde mellom 15. oktober og 31. desember - Kvantum frukt, bær og veksthusgrønsaker som er solgt mellom 15. oktober og 31. desember.
Februar 2018	Utbetaling etter søknad pr. 1.5 og 1.10 2017	
* Frå og med 2018, blir første telledato 1. mars , med søknadsfrist 15. mars .		

Tilskot til dyr på beite

Regjeringa har i si framlagde landbruksmelding føreslege å endre (skjerpe) retningslinene for beitetilskot, men så langt er ingenting avgjort kring dette. Vi tek derfor ei oppfrisking nå før beitesesongen av dagens reglar som truleg framleis vil gjelde for søknadsomgangen i oktober 2017.

Det er to ulike beitetilskot:

1. Dyr på beite i minst 16 veker
og
2. Dyr på utmarksbeite i minst 5 veker

Krava for beitetilskot må ikkje forvekslast med luftekrava for storfe under Mattilsynet si forvaltning. Stettar du beitetilskotkrava stettar du også luftekrava, men minimums-krava til lufting er langt frå tilstrekkelege til å gi rett på beitetilskot.

16 vekers beiting

Det kan gjevast tilskot til alle grovfôr-etande husdyr som går minst 16 veker på beite i sesongen. 16-vekers-perioden gjeld både innmarks- og utmarksbeite under føresetnad av at dyra har tilstrekkeleg beite til å ta opp hovuddelen av grovfôrbehovet (meir enn 50%) på beitet i heile perioden.

Innmarksbeite er fulldyrka og overflatedyrka mark som blir beitt (det kan sjølvstakt vera eng som blir beitt etter 1. eller 2. slått) eller gjødsla beite/kulturbeite. For at det skal vera tilstrekkeleg gras til dyra, krevst eit visst areal innmarksbeite pr dyr. Har ein ein t.d. ein god stripebeite-praksis på fulldyrka jord vil det kunna vera nok med to dekar pr mjølkeku, men ofte vil ein måtte rekne tre-fire dekar pr mjølkeku. Det er uråd å gi noko fasitsvar for kor store beiteareal som krevst, då fôrkravet varierer etter rase, vekt, avdrått m.m. på same måten som avlinga på dei ulike beitetypar kan variere mykje.

Utmarksbeite er i prinsippet alt anna ugjødsla areal (skog, myr, lynghei osv.) Arealkrava pr dyr for utmarksbeite er høge, desse kjem vi nærare inn på lenger nede.

I gardskartportalen (*gardskart.skogoglandskap.no*) vil du enkelt finne korleis areala du disponerer er klassifiserte.

Markslag (AR5) 13 klasser

TEGNFORKLARING

—	Fulldyrka jord
≡	Overflatedyrka jord
≡	Innmarksbeite
S	Skog av særst høg bonitet
H	Skog av høg bonitet
M	Skog av middels bonitet
L	Skog av lav bonitet
i	Uproduktiv skog
≡	Myr
—	Åpen jorddekt fastmark
—	Åpen grunnlendt fastmark
—	Bebyggd, samf, vann, bre
—	Ikke klassifisert

Dei tre øvste kategoriane (dei gule) er i beitesamanhang innmark.

Avlingsnivået vil normalt vera høgare på fulldyrka jord enn på areal klassifisert som innmarksbeite i AR5.

Skogareal (grøne), myr og fastmark kan inngå i utmarksbeiteareal. Avlingsnivå og tal dyr du kan ha på slike areal vil kunna variere mykje.

Nokre illustrerande døme:

1. Har du godt håbeite etter slått, har du kanskje nok til kuflokken på 40 kyr på 70-80 dekar i t.d. fem-seks veker. Men går dei på kulturbeite eller permanent eng brukt til beite resten av sesongen, må du nok ha minst 100 dekar tilgjengeleg for kyrne dei 10-11 andre vekene.

2. Går kyrne ute bare på dagtid og blir fôra inne på kvelds-/nattetid, vil det vera vanskeleg å oppnå minst 50% grovfôr-opptak frå beite.

3. Har du 50 daa godt beite tilgjengeleg, kan dette vere tilstrekkeleg til ca 20 mjølkekyr. Men heile buskapen – 45 kyr går på det same beitet heile beiteperioden.



Det er då ikkje nok gras til å støtte kravet om minst halvparten av grovfôropptaket for 45 kyr. Det er i slike høve etter regelverket ikkje akseptabel praksis å søkje om beitetilskot for 20 kyr! På same måten er det heller ikkje greitt om du på eit tilsvarande areal har bare 20 kyr til ei kvar tid, og det såleis er tilstrekkeleg fôrtilgang i høve til tal beitande dyr, men der det ikkje er dei same 20 dyra som beitar i 16 veker.


Tilskotet for beiting i 16 veker er pr. individ som har gått minst 16 veker på beite (innmark og/eller utmark) og der har hatt tilstrekkeleg gras til å dekke 50% av grovfôrbehovet sitt i heile perioden.

5 vekers beiting av utmark

Tilskot til beiting av utmark er primært eit tilskot til distrikt som har store utmarksressursar, noko vi ikkje har i Klepp, og dei heilt marginale utmarksareala vi har i vår kommune gir ikkje grunnlag for tilskot til særleg mange dyr. Men det er likevel mange føretak i Klepp som også har rett på utmarksbeitetilskotet. Det gjeld dei som sender sau/lam og storfe til heie-/utmarksbeite i andre kommunar.

Det er grunn til å tru at enkelte definerer alt som ikkje er dyrka mark til å vera utmark – at markslaget «innmarksbeite» i gardskart/AR5 såleis blir omsøkt som utmarksbeite, noko som sjølvstøtt er feil.

Generelt gjeld også at det er ganske store krav til utmarksbeiteareal pr dyr for at du skal ha rett til tilskot for dyr på utmarksbeite. Det finst, på same måten som for innmarksbeite, ingen fasitsvar her, då det vil kunne variere etter beitet sin karakter og kvalitet (vegetasjonsmangfald- og kvalitet, skog, lynghei osv), geografisk plassering, høgd over havet, husdyrrasen m.m. Men som ein indikasjon kan ein seia at vi vil finna det umogleg å godkjenne tilskot for dyr på utmarksbeite med mindre enn 5 dekar utmarksbeite pr sau/lam (ikkje sau med lam) 12-15 daa pr ungdyr av storfe og 20-25 daa pr vaksen ku. (Dette gjeld utmarksbeite av svært god kvalitet. For skrinne og dårlege utmarksbeite vil ein



måtte rekne minst det doble, og kvar einskild søknad vil måtta vurderast individuelt med omsyn til varierende tilhøve nemnde over.

Og på same måten som for 16 vekers beiting, kan du ikkje søkje om tilskot for 10 dyr om du har hatt 20 dyr på eit beite som bare har mat nok for 10. Eller tilsvarande om du t.d. har hatt 10 kviger på beitet i 3 veker og så bytta dei med 10 andre i tre nye veker.

Tilskotet for beiting i minst 5 veker på utmarksbeite er pr. individ som har gått minst 5 veker på utmarksbeite. Arealkrav pr dyr er høgt for utmarksbeite.

Du kan ha rett på tilskot i begge beitekategori

Du sender sauer og lam til heis, og har dei der i t.d. 8 veker. Har du også dei same dyra på innmarksbeite heime før og etter heieføringa i til saman minst 8 veker, har du rett på tilskot etter begge ordningane for desse dyra.

Du treng altså ikkje ha dyret minst 5 veker på utmarksbeite og 16 veker på innmarksbeite. Det er nok at dyret er minst

16 veker på beite totalt for å ha rett på tilskot i begge kategoriar.

Er du usikker på reglar og krav for beitetilskot, anten det gjeld innmarks- eller utmarksbeite – ta gjerne kontakt med oss på landbrukskontoret før du søker.

Kontroll av krava

Når kommunen kjem på kontroll av din søknad om produksjonstilskot, må du ha journal/registreringar som kan dokumentere t.d.:

- ✓ tida kvart einskild individ har vore på ulike beite
- ✓ dokumentasjon på avlingsnivå
- ✓ evt kvittering for transport til/frå beite
- ✓ kart over dei ulike beita
- ✓ evt leigeavtalar for beite

Du skal også kunne sannsyneleggjere i felt at eit areal er beitt i sesongen

Gjerdeklyvar og hundeportar

Dersom det er behov for gjerdeklyvar eller hundeport, kan landbrukskontoret kontaktast. Framgangsmåten er slik at ein søker om tal gjerdeklyvarar eller hundeport på eige skjema der ein legg ved kart og leverer søknaden til kommunen. Kommunen stadfestar behovet og Fylkesmannen i Rogaland sender ut tildelingsbrev, med kopi til Sandnes proservice der gjerdeklyvarane og hundeportane kan hentast. Gjerdeklyvarar og hundeport er gratis.



Er du ein ugrasspreiar?

Det har i seinare tid auka på med ugras i eng og beite. Me får jevnleg melding om dette frå fleire stader i kommunen. Med ugraskamp i rett tid, vil ein redusera mengden ugras. Spesielt irriterande er det for den som sjølv

held ugraset nokolunde i sjakk, men som får ugrasfrø frå andre. Spreier du ugras i nabolaget? Det kan og nemnast at kommunen kan trekkje i Areal- og kulturlandskapstilskotet dersom areal framstår som ugrasareal.

Om foryngingsplikt og omdisponering av skogareal til beite

Etter hogst er det i følgje skoglova ei foryngingsplikt. I utgangspunktet utløyser hogst av skog automatisk ei foryngingsplikt innan 3 år etter hogst.

Skogbrukssjefen i Klepp

Skogbrukssjefen (Stein Erik Storli) har ikkje lenger fast kontortid på rådhuset i Klepp, men er å treffe på rådhuset i Time, tysdag, onsdag og torsdag eller på tlf 48 00 24 89. Ta gjerne kontakt for hogst i vernskog, planting, ungskogpleie, tilskot eller jakt.

Dersom skogeigar har tatt skogarealet i bruk til innmarksbeite, fell foryngingsplikta bort. Eit beiteareal må ha minimum 50% grasartar og/eller beitetålande urter. Dersom skogareal skal brukast til beite, utan at det vert gjort inngrep i marka i form av grøfting, planering eller fjerning av stein, er dette tiltaket ikkje søknadspliktig etter skoglova. Tiltak kan likevel vera søknadspliktig etter anna regelverk. Ta kontakt dersom du har spørsmål.

Dersom du ønsker å fulldyrka eit areal etter hogst, er det søknadspliktig på vanleg måte etter nydyrkingsforskrifta.



Returadresse: Klepp kommune, P.b. 25, 4358 KLEPPE

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Dette er ei tilskotsordning for bønder og medbrukarar som har delt næringsinntekt med bonden. Ordninga gjeld ved sjukdom, fødsel, adopsjon, sjukdom hjå born og dødsfall. Tilskotsordninga gjeld frå første dag, og du kan då søkje om å få dekkje utgifter du har hatt til avløyning i den aktuelle perioden med sjukdom, fødselspermisjon med vidare.

Dersom du har lønna arbeid, styrehonorar, trygd eller anna inntekt ved sida av gardsdrifta, skal det leggjast ved lønsslipp/utbetalingsslipp og dette beløpet vert trekt frå dagsatsen i denne ordninga. Det er også viktig å merkje seg, at dersom du har løna arbeid utanom gardsdrifta og vert sjukmeldt frå arbeid i landbruksføretaket, må det framgå på sjukemeldinga kva for arbeid du er sjukmeldt frå.

Avløyning er ikkje lenger avgrensa til tradisjonell fjosavløyning, men kan også omfatte tenester som blant anna saueklypping, gjerdehald, rundballepressing og frakt av dyr til og frå beite m.m.





Ein søker på eige skjema (du kan få det på landbrukskontoret, avløyingslaget, rekneskapslaget eller finne det på Landbruksdirektoratet sine sider) og ved søknaden skal det liggje:

- Sjukemelding for omsøkt periode eller fødselsattest dersom det gjeld fødselspermisjon
- Utskrift av godkjent likning for 2014 og 2015 (for søknader som gjeld 2017)
- Løn og betalt arbeidsgjevaravgift og skatt viss du løner ut sjølv
- Elles dokumentasjon på lønsutgifter gjennom avløyingslag/ring eller kjøpte tenester som nemnte ovanfor
- Utbetalingsslipp på sjukepengar frå NAV dersom du er sjukmeldt lengre enn 16 dagar og foreldrepengar frå NAV dersom det gjeld fødselspermisjon
- Lønsslipp/utbetalingsslipp dersom du har andre inntekter enn næringsinntekt frå føretaket

Det må komme tydeleg fram av eventuell faktura kva beløp som er knytt til tenesta det vert søkt om avløyingsattest for. Ettersom det ikkje blir gjeve tilskot til leige av maskiner eller anna materiell som blir nytta ved utføring av ei teneste, må fakturaen spesifisere kva som er utgifter til leige av personell, og kva som er utgifter til maskinleige og/eller andre varer.

Har du spørsmål til denne ordninga, ta gjerne kontakt med Hilde Kristin Honnemyr på tlf 51 42 98 90.

Telefonnummer og e-postadresser til tilsette på landbrukskontoret:

	Landbrukssjef Atle Barkve atle.barkve@klepp.kommune.no 51 42 98 91		Rådgjevar Bjørn Svela bjorn.svela@klepp.kommune.no 51 42 98 92
	Rådgjevar Elisabeth Vårlid elisabeth.varlid@klepp.kommune.no 51 42 98 93		Fagkonsulent/sekretær Hilde Kristin Honnemyr hkh@klepp.kommune.no 51 42 98 90

Klepp kommune

Telefon 51429800 Telefax 51429762
Postadresse: Postboks 25, 4358 KLEPPE
postmottak@klepp.kommune.no